

Til landsstyret i Den norske legeforening

Forslag til endring av legeforeningens lover

Det er i dag ingen varamedlemmer til valgkomiteen. Komiteen har berre 3 medlemmer, og det vil vere ønskeleg med suppleringsmedlemmer dersom ein av medlemmene får varig forfall.

I tillegg til sentralstyret, så bør heller ikkje tilsette i legeforeningens sekretariat vere medlemmer av valgkomiteen. Dersom det skulle bli aktuelt for eit medlem av valgkomiteen å stille til valg til sentralstyret sjølv, bør også vedkomande tre ut av komiteen.

Med bakgrunn i dette, vil vi foreslå følgjande lovendring (endringane i kursiv):

§3-1-3 (1) Nr 8 Valg av valgkomite *og varamedlemmer*

§ 3-2-1 (6) Valg på sentralstyremedlemmer og varamedlemmer forberedes av en valgkomité med 3 medlemmer som velges av landsstyret for landsstyreperioden, jf § 3-1-1, 2. ledd. *Det skal også velges 3 varamedlemmer i nummerert rekkefølge.* Medlemmene kan ikke samtidig være medlem av sentralstyret *eller ansatt i legeforeningens sekretariat.* Dersom medlemmer av valgkomiteen selv stiller til valg til sentralstyret, må de tre ut av komiteen. *Varamedlemmer trer inn dersom et medlem varig går ut av komiteen.*

På vegne av valgkomiteen

Hareid 3/2 2013

Ottar Grimstad
leiar